

Usikkert om det var tropenatt natt til laurdag.

30.07.2018



Grafen frå Knut Johannes Ripel syner temperaturen fredag ettermiddag og kveld.

Redaksjonene har motteke ulike målingar om kor vidt det var tropenatt natt til laurdag. Kravet til ei tropenatt er at temperaturen ikkje skal vera under 20 gr. C heile natta. Målestasjonen i Korsneset, som vert brukt av media, målte lågaste temperatur på 18,9 gr. Dermed var det ikkje tropenatt. Andre pålitelege målingar syner at det var tropenatt.

Eli Roseth Eik skriv at maksimums/minimumsmålaren deira viste lågaste temperatur på 20.0 gr. Gradene på denne målaren samsvarar med gradene på ein annan værstasjon. På Eik var det målt over 30 gr. kl. 23 fredag kveld.

Knut Johannes Ripel sender oss nøyaktige målingar i Myro med mellom anna høgaste temperatur på 31,4 gr. kl. 18.39. Etter det går temperaturen ned til under 30 grader utover kvelden.

Mange syner stor interesse kring dette med temperatur, vind og nedbør. Nokre har sine lokale målestasjonar, lagar statistikk og skriv ut resultatata.

Før Uskedalen.no avsluttar denne serien, vil vi om nokre dagar ta med nøyaktige resultat for juli månad. Det gjeld nedbør, temperatur og vindstyrke.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Knut Johannes Ripel